



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/2173 - 22/40531

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
27.05.2022

## Avslutta sak - gbnr 348/6 - mogleg forureining

**Stad:** Gbnr: 348/6  
**Grunneigar:** Asgeir Skurtveit

### Saka gjeld:

Bekymringsmeldingar om plastforureining og avfallsfyllingar.

### Synfaring:

Det vert vist til brev av 27.04.2022 der kommunen kalla inn til synfaring i samband med bekymrings meldingar angående mogleg ulovleg oppbevaring av avfall på din eigedom.

Synfaringa vart gjennomført 23.05.2022 med representantar frå kommunen og grunneigar.

Grunneigar informerte under synfaringa at han har lagra brukt rundballeplast på ein tilhengar og at under ein av stormane i vår vart noko av plasten spreidd med vinden. Dette er no rydda opp og det er planlagt å nytte konteinar i framtida for lagring av plast. Grunneigar informerte også om at dei stadene det er rapportert inn fyllingar, mellomlagrar han gammalt utstyr og materiell med tanke på gjenbruk på garden.

### Kommunens vurdering:

Kommunen kunne ikkje sjå noko til plastforsøpling under synfaringa. Noko gammalt utstyr og materiell vert lagra ulike stader på garden, men vi kan ikkje sjå at det er forhold rundt dette som medfører fare for forureining.

Saka vert med dette avslutta. Dette til orientering.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*